

Leiar til Sambåndet nr. 4/11

## **Offeret som skaper nytt liv**

Av Erik Furnes, generalsekretær

**Midt i ei tid** prega av store naturkatastrofer, krig og menneskeleg naud av ulikt slag, markerer vi snart den dramatiske hendinga som for alltid vil vere sentrum i denne verda si historie. Ja, i all framtid vil Jesu Kristi offerhandling vere tema for lovsong og tilbeding. All gudsopenberring dei første 4000 år peika fram mot den, og i 2000 år har vi minnest den.

**Det står om** Jesus: «Og liksom han hadde elska sine egne som var i verda, såleis elska han dei til det siste.» (Joh 13:1). Det er ikkje så vanskeleg å elske snille barn. Det er ikkje vanskeleg å ha varme følelser for dei som står med deg når andre sviktar. Det var ei tid i Jesu teneste at det var ei enorm trengsle av menneske som ville høyre og ta imot budskapet frå Meisteren. Og det var ei tid då Han begynte å tale om sin død og oppstode, og det medførte nedgang i besøkstalet. Mange av dei 70 disiplane forlet han også, men desse 12 stod framleis ved hans side. «Vil også de gå bort?», spør Jesus. «Kven skal vi gå til – du har det evige livsens ord», svarar Peter på vegne av dei andre. Det er ikkje så vanskeleg å elske slike.

**Men Jesus såg** lenger. Han såg heilt til enden. Han såg ein Phillip som tydelegvis ikkje stod til eksamen på det mest grunnleggande i Jesu lære etter tre år. Han såg ein Tomas som ikkje ville tru på Jesu ord om oppstoda. Han såg ein disippelflokk som flykta i svarte natta, som banna på at Jesu var ein total framand, osb. Jesus såg alt. Og likevel så står det at han elska dei til det siste. Det var aldri forandring i den kjærleiken som Jesus hadde til sine egne. Og det er den same kjærleik som vert deg og meg til del – den same kjærleik som dreiv han til Golgata.

**«For så sant** blodet av bukkar og oksar, og oska av ei kvige, helgar til reinleik på kjøtet når det vert skvett på dei som er ureine, kor mykje meir skal då ikkje Kristi blod – han som i kraft av ein evig Ande bar seg sjølv fram for Gud som eit lytelaust offer – reinsa samvitet vårt frå døde gjerningar så vi kan tena den levande Gud!» (Heb 9:13-14)

**Budskapet om** Kristi kjærleik og offer kan omskape ei sjølvsentrert og kaldt menneskehjerte. I denne budskapet ligg krafta til å leve ut eit kristenliv som ofrar tid og krefter for at andre menneske skal bli frelst. Derfor er Kristi offerhandling vårt viktigaste studium.